



# ODDA KOMMUNE

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep  
Akersgt. 59  
0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2008000504-6  
Journalpostid: 2008011897

Saksh: Turid Nå  
Telefon: 53 65 40 70

Arkivkode  
K1-011

Dato:  
26.09.2008

## OK-sak nr. 071/08: Høyring om endringar i vallova og kommunelova

Vedlagt følgjer vedtak.

Venleg helsing  
For Arkivet



Turid Nå  
arkivleiar

### Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune  
v/Fylkesvalstyret  
Hardangerrådet

Postboks 7900

5020 BERGEN

5780 KINSARVIK

### Eit levande kraftsenter

Arkivet  
Telefaks: 53 65 40 71  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814  
Bankgiro: 3658.07.50022  
Innbetaling skatt: 7855.05.12288

Telefon: 53 65 40 00  
Telefaks: 53 65 40 51  
Epost: [epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Odda valgstyre	18.09.2008	002/08	HJo04065
Odda kommunestyre	19.09.2008	071/08	HJo04065

## Høring om endringar i vallova og kommunelova

### Vedlegg:

1. Høyringsbrevet frå Kommunal og regionaldepartementet
2. Oversikt over innhaldet, innleiing og evaluering av val 2007 ( side 1 – 7) og forslag til lovmessige endringar ( side 80 – 81)
3. Valstyret i Odda sak 19/07 av 28.09.08: Krav om statleg medansvar for eit nasjonalt datateknisk system til stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval

**Framlagt:** 1. Høyringsdokumentet komplett

Saka skal sendast ut av: Arkivet

Særutskrift skal sendast til: Kommunal og regionaldepartementet, KS i Hordaland, Hordaland fylkeskommune ved valstyret og Hardangerrådet.

### Rådmannen sitt framlegg til

#### innstilling:

1. Kommunestyret i Odda meiner prinsipielt at så lenge staten krev at veljarane må visa tilfredsstillande legitimasjon for å røysta ved offentlege val ( stortingsfylkesting og kommuneval ), så er det og ei **oppgåve for staten** å stilla tilfredsstillande / off. godkjent / legitimasjon kostnadsfritt til disposisjon for alle som har røysterett ved dei same vala.
2. Kommunestyret i Odda sluttar sterkt opp om konklusjonane i pkt 2.7 i høyringa **Manntalet**; Statlege styresmakter må ta sterkare grep om manntalsproduksjonen og syte for at folkeregistermyndigheitene kostnadsfritt stiller dei folkeregisteropplysingane som trengst for å få utarbeidd korrekte manntal, til rådvelde for kommunale og fylkeskommunale valstyremakter (valstyra). Folkeregistermyndigheita må ikkje lenger få høve til å prisa slik informasjon gjennom avtalar med kommersiell aktør / kommersielle aktørar.

3. Kommunestyret hadde vona på bakgrunn av røynslene frå oppteljinga etter valet i 2007 at staten hadde flagga konkrete tiltak for å sikra at valstyra i kommunar og fylkeskommunar får tilgang på **kvalitetssikra valtekniske løysingar** for gjennomføring av nasjonale val. Ein slik strategi må og omfatte kvalitetskrav til integrasjon mellom administrativt valsystem og elektronisk teljesystem.
4. Kommunestyret i Odda opprettheld synspunkta fremma i valstyret si sak 19/07. Kommunestyret etterlyser og eit konkret svar på innhaldet i brevet ut over det som er skrive i høringsdokumentet – jamf vedlegg nr 3.
5. Odda kommunestyre **frårår sterkt at ordninga med tidlegrøysting vert innført**. Om behovet for å utvida perioden for førehandsrøysting vert opplevd som presserande – noko vi ikkje har registert - vert det heller tilrådd å utvida den ordinære førehandsrøystingsperioden framfor å etablera ein "tidlegberedskap" og innføra ein ny kategori med røyster i valprotokollen.
6. Odda kommunestyre har merka seg at veljar som har bretta valsetelen feil på valtinget **skal visast tilbake til røysteavlukka før vedkomande får godkjent røysta** si og merka seg grunngevinga for denne endringa /innskjerpinga.
7. Mindretalet sine rettar i høve til val vert føreslege ytterlegare forsterka i lova ved at
  - a. minst 1/3 av kommunestyret sine medlemmer kan vedta at valet skal gå over 2 dagar eller
  - b. at det same talet røyster ( mindretalet ) kan vedta å halda vallokala lenger opne enn det valstyret har vedteke.**Kommunestyret i Odda ser ikkje behovet for denne reforma.**
8. Valobservasjon bør koma inn som eit lovregulert område også i Noreg sjølv om vi er eit av dei land i verda der tilliten til folkevalde er så stor at folkevalde og listekandidatar på val sit i røystestyra og er valfunksjonærar i røystelokala utan at veljarane finn grunn til å stille spørsmål ved systemet. Det kan ein berre ha i land med grunnfesta demokratiske tradisjonar og ein gjennomgåande tillit hos folket om til at dei folkevalde utøver verva sine i tråd med god moral og etiske prinsipp.
9. Kommunestyret i Odda sluttar opp om å ta inn bestemmelsar om rådgjevande folkerøysting i kommunelova saman med innbyggjarinitiativet ( § 6), og merkar seg at lova set forbod mot kommunestyret kan bestemma at folkerøystinga skal binda kommunestyret, og at eit slikt lokalt vedtak er ulovleg uansett tema.
10. Forslag om å innføra lovheimla straffesanksjonar mot media og eller andre – såkalla "overtredelsesgebyr" for å offentleggjera valdagsmålingar /anna informasjon frå sjølve valet i strid med vallova. Kommunestyret har ikkje merknader til at det vert innført eit slikt sanksjonsmiddel, men legg vekt på at lista for sanksjonering vert lagt rimeleg høgt.

Rådmannen i Odda,01.09.08

### **18.09.2008 Odda valgstyre**

#### **Behandling:**

Repr. Børslie (V):

Odda kommune bør vurderer å søke om røysterett frå og med 16 år ved neste kommuneval .

Forslaget vart ikkje votert over, men vert å koma tilbake til på aktuelt tidspunkt.

Rådmannen ved Jordal orienterte til pkt 1, 2 , 3 og 5

#### **OV-002/08 Vedtak:**

Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke

NB Valstyret sitt forslag er ikkje teke inn i protokollen

### **19.09.2008 Odda kommunestyre**

#### **Behandling:**

Børslie (V) sette fram slik protokollmerknad :

“ Odda kommune bør søke om å få innføre stemmerett for 16 åringer ved neste kommunestyrevalg. Sak om dette bør fremmes for Odda kommunestyre i god tid før neste valg”

#### **OK-071/08 Vedtak:**

Pkt 1- 5 vart samr. vedtekne.

Pkt 6 vart vedteke med 23 mot 3 røyster

Pkt 7 – 10 vart samr.vedtekne

Repr. Rasmussen ® permittert kl 14.55 Kommunestyret er 25 medlemmer.

## **Saka gjeld:**

Kommunal og regionaldepartementet si høyring av 27. juni 2008 om "Endringar i vallova og kommunelova"

Drøftinga er så omfattande at den vert sendt til kommunestyret via valstyret. Ikkje minst då Odda kommune ved valstyret engasjerte seg sterk og på prinsipielt grunnlag etter kommune- og fylkestingsvalet i 2007 – jamf vedlegg 3.

Høyringsdokumentet frå kommunal og regionaldepartementet ( KR D) vert sendt ut komplett til valstyret. Når det gjeld kommunestyret vert den berre framlagt – med unntak av høyringsbrevet, oversikta og framlegg til konkrete lovendringar

Eg har teke inn i teksten mykje sitat frå høyringa – og gitt omtale av endringane / drøftingane og meiner at kommunestyret på denne måten får ei god oversikt over dei ulike forslaget / drøftingstema som ligg i høyringa

## **Først litt prinsipielt som og er drøfta i høyringa :**

### **Legitimasjonsplikt for å røysta.**

Vallova seier et valfunksjonæren pliktar å vita sikkert kven det er vedkomande tek imot ei røyst frå ( godkjenner røystinga og kryssar av i manntalet ).

Dette er eit kjernepunkt ved alle val og ein garanti for at ingen får røysta meir enn ein gong. For å sikra at det ikkje er feil veljar som vert kryssa av, er alle veljarar i prinsippet pliktige til å legitimera seg.

Det er staten som set kravet gjennom vallova.

Det er alminneleg aksept for at ein skal kunna røysta utan å ha direkte kostnader med valhandlinga. Om ein som ikkje har tilgang på tilfredsstillande legitimasjon ( og dei finst, noko siste val prova) vil røysta – skal han/ ho bli avvist dersom vedkomande er ukjent for valfunksjonæren / valfunksjonærene i vallokalet.

Det er ikkje godt nok at nokon av veljarane går god for at vedkomande er vedkomande. Departementet debatterer spørsmålet om legitimasjon funksjonelt, men ikkje prinsipielt. Dei går så langt at dei er inne på å påleggja kommunane å skriva ut legitimasjon.

Sitat : s. 17:

" Departementet har kome til at ein ikkje ser det som føremålstenleg å påleggje kommunane å skriva ut gratis legitimasjon i samband med røystinga"

Dette er å gå så langt bort frå det prinsipielle at det er vanskeleg å fatta.

Det er staten som gjev lover og som sikrar rammene om demokratiet. Dersom staten forlangar at veljarane for å røysta skal legitimera seg , må eit minstekrav til den same staten vera at den stiller slik legitimasjon gratis til rådvelde for dei veljarane som ber om det. Aller helst burde alle veljarar vera sikra legitimering gjennom statlege ordningar. Denne ordninga må minst omfatta alle som har røysterett\* ved offentlege val tilgang på slik legitimasjon.

\* Ved kommunevala er det ikkje eit krav at veljaren skal vera statsborgar –slik det er ved Stortingsval.

Det er framleis den kommunale valfunksjonæren som skal kontrollera legitimasjonen og godkjenna (prøva) røystinga og kvalitetssikra røystinga så langt det let seg gjera i vallokalet.

### **Manntalet**

Dette er det viktigaste hjelpemiddelet valstyra har for å få gjennomført eit val. Å ha tilgang til korrekte og oppdaterte manntal er eit ufråvikleg krav / vilkår for å få valet korrekt gjennomført. Folkeregisteret pliktar å stilla grunndata til disposisjon for kommunane for danning av manntal. Dette er ei noko ullen formulering som er blitt uthola ved at folkeregistermyndigheitene ved førre val oppretta avtale med ein kommersiell aktør om aktuelle data / opplysingar. Høyringa gjer greie for situasjonen og kjem med klare konklusjonar som det er grunn til å slutta opp om og hegna om.

I pkt 2.7 Manntalet står det no at ;

*” Statlege styresmakter må ta sterkare grep om manntalsproduksjonen og syte for at folkeregistermyndigheitene stiller dei folkeregisteropplysingane som trengst for å få utarbeidd korrekte manntal, inkl oppdatering av manntal - kostnadsfritt til rådvelde for kommunale og fylkeskommunale valstyremakter ( valstyra).*

Kommentar: Så sant – så sant ( sjølv om folkeregistermyndigheita gjorde noko heilt anna ved valet i 2007)

#### **Departementet skriv i høyringa :**

” Folkeregistermyndigheita har etter vallova berre plikt til å stille dei nødvendige folkeregisteropplysingane (rådata) til disposisjon for kommunane slik at kommunane sjølve kan ferdigstille manntalet. Dette skjer i praksis ved at folkeregistermyndigheita nyttar eit privat selskap som etter avtale med Skattedirektoratet har einerett til å tilby kommunane folkeregisteropplysningar, opplysningar for bruk i manntalet og til å oppdatere dette. Ved valet i 2007 tok dette selskapet, på bakgrunn av den avtalen det har gjort med Skattedirektoratet om distribusjon av folkeregisteropplysningar, betalt for å stille opplysningar til manntalet (rådata) til disposisjon for kommunane. **Slik departementet ser det, er det tvilsamt om vallova opnar for ei slik praktisering av plikta folkeregistermyndigheita har til å stille til disposisjon for kommunane opplysningar om kven som skal førast inn i manntalet i kommunane. Ei anna sak er at kommunane sjølve, etter at dei har fått tilgang til opplysningane, betaler eit datafirma for å arbeide vidare med opplysningane (ferdigstille manntalet) elektronisk eller for å få eit papirmanntal. Det å arbeide vidare med folkeregisteropplysningane og lage eit manntal kan for eksempel vere å knyte side, linje og manntalsnummer til kvar enkelt person i manntalet. Men verken kommunane eller dei selskapa kommunane nyttar til dette arbeidet, har høve til å gjere endringar med omsyn til kva for eit kommunemanntal veljarar skal førast inn i eller ut av. Dette er det opp til folkeregistermyndigheita å avgjere. Dette er for å sikre at ein person med røysterett berre blir innført i eitt kommunemanntal, eller unngå at vedkommande ikkje blir innført i noko manntal.**

Ved valet i 2007 var det også stor usikkerheit blant kommunane kva rolle dataleverandøren hadde i samband med utarbeidinga av manntalet (levere rådata), og kva rolle leverandørar av valsystem hadde (vidare arbeid med rådata til ferdig manntal).

**Slik departementet ser det, bør statlege styresmakter ta sterkare grep om manntalsproduksjonen, i første omgang ved at folkeregistermyndigheita sjølv engasjerer seg meir aktivt i å stille til disposisjon for valmyndigheitene folkeregisteropplysningar for å få utarbeidd manntalet. Dette bør skje vederlagsfritt for kommunane. Departementet vil saman med Skattedirektoratet sjå nærmare på korleis dette kan gjerast, med sikte på å få til ei praktisk ordning for valet i 2009. ”**

–sitat slutt

Oppsummert : Eg er heilt samd

## Vidare skriv departementet:

### 2.8 Om bruk av maskinelle teljesystem

Valstyret i kvar enkelt kommune/fylkeskommune er ansvarleg for oppteljing av røystesetlar ved val og dermed for å sikre korrekt oppteljingsresultat. Valstyret avgjer om oppteljinga skal gå før seg manuelt og/eller elektronisk. Det krevst ikkje at elektroniske system som blir nytta ved oppteljinga, skal vere sertifiserte eller på annan måte godkjende av statlege organ. Kommunane og fylkeskommunane har sjølve ansvaret for å sørge for at systema som blir kjøpte inn, er korrekte.

Dei fleste kommunar og fylkeskommunar bruker i dag eit administrativt datasystem i arbeidet med å godkjenne vallister, trykkje røystesetlar og manntal, sende ut valkort og gjennomføre røystinga. **I tillegg nyttar ein del kommunar maskinelle system for oppteljing og behandling av røystesetlar og personrøyster.** (Odda kommune gjorde det i 2007)

Valsystema består såleis av to sjølvstendige system: Eitt *administrativt* system og eitt for *oppteljing*. Det er likevel etablert integreringsfunksjonar for konvertering av data mellom dei to systema.

### Opplysingar.

Odda kommune valgte å inngå avtale med EDB Business Partner om levering av teknisk valløysing til kommune- og fylkestingsvalet i 2007. Dette er ein leverandør kommunen har nytta ved mange tidlegare val (Storting-, kommune- og fylkestingsval) og vi har vore nøgde med løysingane. Det vart lagt vekt på at dette er eit selskap som har vore i marknaden lenge og har vore sett på som ein seriøs og trygg leverandør av både utstyr og programvare.

Det var på oppteljingssida mange kommunar –inkludert Odde - kom ut å "køyra" ved valet i 2007, særleg knytt til problem med programvara (tolken) som skulle ta seg av rettingar på valsetlane. Men og grunnleggjande systemparameter og kravspesifikasjon til øvrig teknisk utstyr var manglar frå leverandør si side. Produksjon av møtebok måtte utførast delvis manuelt (dette på grunn av at leverandør ikkje sletta databasen etter testkjøringane). Vi hadde problem med kvaliteten på valsetlane til Fylkestingsvalet (det var 2 leverandørar av valsetlar til Fylkestinga - det var ikkje "vår" leverandør som leverte setlar til Hordaland) Dette førte til problem i høve til skanning/tolking.

Leverandør oppdaterte programvara heilt fram til valnatta basert på m.a. testing av systemet / tilbakemelding frå kommunane heile helga før valdagen og valdagen.

Det var i det heile ein utmattande og lite verdig prosess for dei kommunale valmedarbeidarane dagane før valet inkl. helga før valet.

Resultatet vart at Odde kommune følgde departementet si tilråding (mottatt fredag 14. september) og gjennomførte ei ny manuell opptelling av røystesetlane til kommunevalet – noko som ikkje medførte endringar når det galt fordeling av mandat, men gav utslag på kandidatnamn på to lister (vara) og påverka representasjonen på 1 liste - (sistemandatet) inkl kjønnsbalansen i kommunestyret.

I alle tilfelle var det klart for ein kvar at programvara ikkje var tilstrekkeleg utvikla / kvalitetssikra frå leverandør (EDB Business Partner) si side til å matcha den oppgåva den var tiltenkt. Vidare fekk vi inntrykk av at leverandøren i tida før, under og dagane etter valet ikkje hadde stor nok bemanninga til å håndtere alle problemstillingane.

Opplæringa av kommunale valfunksjonærar kom frå leverandør si side alt for seint og var skandaløst dårleg. Vidare mottok ein dokumentasjon på møtebok først 2 dagar etter valdagen.

Eg kan ikkje sjå korleis Odde kommune på førehand kunne garantera seg mot kollaps frå leverandør på programsida. Saka i valstyret i fjor (vedlegg 3) byggjer på desse realitetane. Når ting går "over styr" grunna teknisk sviikt / for dårleg grunnlagsarbeid frå leverandør si side kostar det ikkje berre flekk (ca. 120.000 for vår del), men det utmattar og demotiverer valmedarbeidarane og svekker alminnelige omdøme og tillit til valet.

Det har i ettertid og vore ein prosess mellom dei involverte kommunane og leverandørfirmaet i regi av KS- advokatene.

Dette har for dei fleste - inkl oss - medført ulike former / grader av ulemperstatningar frå leverandør ( for vår del både valsetlar, administrativt valsystem og system for maskinell optelling basert på skanning av valsetlar og maskinell rapportering)

Vi ba då og ber på nytt no om aktiv statlig medverknad, slik at kommunane får tilgang på kvalitetsikra utstyr med tilhøyrande programvare/utstyr til gjennomføring av landsdekkande og lovpålagte val.

#### **Vidare skriv departementet. ( side 20/21)**

##### **Vurderingane til departementet**

Problema ved valet hausten 2007 har aktualisert spørsmålet om ei eventuell sertifiserings- eller godkjenningssystem for maskinelle systemløysingar for teljing og behandling av teljeresultat, med mellom anna høve til integrasjon med administrativt valsystem.

Evalueringa etter valet i fjor viser manglande prosedyrar både frå kommunane og dataleverandøren når det gjeld å sikre at den maskinelle opteljinga gjekk korrekt føre seg. Særleg er det urovekkjande at det på eit så seint tidspunkt vart nødvendig å gjere endringar i sjølve programvara i det maskinelle teljesystemet. Departementet vil vurdere om og i tilfelle på kva måte det bør innførast ei godkjenningssystem for maskinelle teljesystem og/eller programvare. Alternativ til ei godkjenningssystem kan vere ei ordning for sertifisering av slike system og/eller programvare. Det kan også tenkjast ei ordning der det på statleg nivå blir utvikla kravspesifikasjonar, men at kvar kommune og fylkeskommune sjølv blir ansvarleg for å sikre at innkjøpte maskinelle løysingar og valsystem er i samsvar med spesifikasjonane.

Ein må vurdere kva som kan vere den mest tenlege framgangsmåten. Innføring av ei sertifiseringssystem er særleg omfattande. Eit sertifiseringssystem kan vise seg å vere svært kostnadskrevjande for systemleverandørar, i tillegg til at sertifiseringa tek lang tid. Ei sertifiserings- eller godkjenningssystem for maskinelle teljesystem kan ikkje vurderast isolert. I og med at slike teljesystem ofte er integrerte med det andre administrative valdatasystemet til kommunen, er det naturleg at ein også vurderer tilhøvet til dette systemet. Innføring av eit system for godkjenning eller sertifisering krev ei omfattande planlegging og tilrettelegging. Det er ikkje mogleg å ha på plass eit eventuelt sertifiseringssystem eller sertifiseringsapparat før valet i 2009. Det er heller ikkje realistisk å ha på plass ei eventuell godkjenningssystem til stortingsvalet hausten 2009. Ein må dessutan vurdere om ei godkjenningssystem eller sertifiseringssystem også skal omfatte administrative valdatasystem, og da også manntalet.

#### **Vurdering**

Avsnittet ovanfor startar bra, men drøftinga endar i realiteten opp i ingenting.

Det skulle ikkje vera uoverkomeleg å setja opp kravspesifikasjonar for når maskinutstyr og programvare til gjennomføring av val skal vera ferdig testa, samt spesifikasjonar for kapasitet/ kvalitet.

Berre utstyr/ tekniske løysingar som held definerte kvalitetsmål skal kunna tilbys valstyra i fylke og kommunar.

Det er viktig at staten gjer sitt til at også den valtekniske sida ved gjennomføring av offentlege val i Norge er kvalitetssikra og at staten ikkje avgrensar arbeidet sitt til berre dei lovtekniske sidene av spørsmålet.

Å overlata eit så essensielt spørsmål til marknaden og private aktørar utan å leggja inn basiskrav, kan samanliknast med avnittet ovanfor – med røynslene ved kommersialisering av manntalet ved valet i 2007.

### **Bretting av valsetel**

Departementet legg no sterk vinn på at valsetlane skal vera bretta korrekt når veljaren kjem ut av valavlukka. Dersom veljaren har bretta slik at det er synleg for alle kva som står på røysetsetelen skal veljaren visast tilbake til avlukka.

Det har til no ikkje vore noko krav at veljaren ikkje kan visa for "all verda" kva han røystar – t.d. dersom vedkomande oppfører seg roleg og verdig

Grunngjevinga for den nye framgangsmåten er at det ikkje skal bli rom for "kjøp" av røyster ved å tillata denne praksisen som medfører at veljaren kan prova at han har røysta "rett" ved medvite å bretta valsetelen feil.

### **Førehandsrøystinga**

Denne vert føreslege som no – frå 10. august til fredagen før valdagen (som alltid er ein måndag)

Departementet legg opp til å vidareføra dagens praksis med å ikkje lovfesta opningstider eller definera lokale ut over å peika på det som står i lova om at røystinga skal føregå i **eigna lokale** og at den skal ta til 10. august

I tillegg vert det føreslege innført eit nytt omgrep:

### **TIDLEGRØYSTING**

Sitat : ( s. 31)

Omsynet til veljarane taler for at ein opnar for å røyste tidlegare enn 10. august. Vi meiner likevel at det å påleggje kommunane brei tilrettelegging vil vere å overdimensjonere i høve til behovet. Dersom ein skulle påleggje alle kommunar at dei legg til rette for førehandsrøysting frå 15. juli ( i lovteksten står det 1.juli) i alle lokale, vil dette føre til store kostnader både økonomisk og når det gjeld personell. Vi meiner dette er lite tenleg. Vi veit frå tidlegare val at **svært få røystar** så tidleg i perioden. Ut frå dette meiner vi dette er feil bruk av ressursar.

Departementet har derfor vurdert ei alternativ ordning der veljarar som ikkje kan røyste på førehand i den ordinære perioden innanriks og heller ikkje på valdagen, får høve til å vende seg til kommunen for å røyste ei viss tid før førehandsrøystinga tek til, det vi kallar å **"tidlegrøyste"**.

For å unngå for mange fristar å halde seg til meiner vi at ei slik røysting bør byrje 1. juli, som fell saman med tidspunktet for når førehandsrøystinga tek til utanriks, og halde fram til og med 9. august (fram til ordinær førehandsrøysting startar 10. august).

**På dette tidspunktet skal det vere mogleg å ha klart manuelle utskrifter frå manntalet og ferdig trykte røysetsetlar. Kommunane må sørge for eit røystemottak i kommunen i den aktuelle perioden, til dømes på rådhuset eller servicetorget der veljarar som ber om det, kan få tilbod om å røyste. Det er naturleg at framgangsmåten for førehandsrøystinga blir følgd også her.**

Vi meiner at det ikkje er tenleg å lovfeste bestemte opningstider og stader.

Utgangspunktet må her vere at veljaren vender seg til kommunen, skriftleg eller munnleg, og ber om å få røyste, og at vedkomande får oppgitt eit tidspunkt der han eller ho kan røyste.

Ei slik ordning vil dekkje behovet til nokre få veljarar, samstundes som kommunane ikkje treng å leggje til rette for røysting i alle lokala, noko ein ville måtte gjere dersom ein utvidar den ordinære perioden for førehandsrøysting.

Formålet med ei slik ordning er å komme dei veljarane i møte som elles ikkje ville ha fått røysta. Departementet går ut frå at det ikkje er særleg mange av slike veljarar. Ordninga gjeld veljarar som ikkje har høve til å røyste på førehand eller røyste på valtinget, men det er ikkje knytt noko krav til at veljaren formelt må bevise dette for å få røysta på denne måten. **Departementet foreslår at veljaren kan røyste tidleg i alle kommunane i landet. Det er ingen grunn til å avgrense ordninga til berre å tillate røysting i den kommunen veljaren er manntalsført. ( mi utheving)**

Det bør ikkje stillast noko krav til formell søknad. Ordninga skal vere enkel å innrette seg etter for veljaren. Veljaren får oppgitt eit tidspunkt av valstyret for når han eller ho kan røyste. Kommunen kan likevel ikkje avgrense tida for når ein kan røyste på denne måten, til dømes til ein eller fleire bestemte dagar i veka. Valstyret skal ta omsyn til ønsket til veljaren når det gjeld tidspunkt for røystinga. Det er likevel akseptabelt at mottaket skjer innanfor ordinær kontortid.

Slike "tidlegrøyster" blir formelt ikkje gitt i perioden for førehandsrøysting.

Departementet meiner likevel at det er mest naturleg å rekne "tidlegrøyster" som ein spesiell type førehandsrøyster, tilsvarende som til dømes brevrøyster som er gitt utanriks. **Vi foreslår derfor at det i lova blir teke inn reglar om "tidlegrøyster" i kapittel 8 om førehandsrøystinga. Røystene bør bokførast særskilt i valprotokollen. Desse røystene bør følgje reglane om førehandsrøyster i kapittel 10 når det gjeld godkjenning og oppfølging av røystegivingar og røystesetlar.( mi utheving)**

### **Vurdering.**

Departementet viklar seg her – utan særleg god grunn - inn i ein ullen og delvis motseiande argumentasjon og foreslår ei ordning som kompliserer valprosessen og etablerer nye kategoriar røyster. Røyster som formelt sett ikkje er førehandsrøyster, men som likevel er det, og går ut frå at kommunane skal ha vallister og manntal ferdige til 1. juli. Ordninga skal vera open for alle, ingen formalitetar i høve til søknad om å få røyste og med uklar definisjon av kven som er berettiga ( alle som påropar seg å vera det ved å møte opp og ber om å få røysta skal då vera berettiga), og at veljaren kan røyste i kva kommune vedkomande vil i heile landet ( som på ordinær førehandsrøysting)

I sum vil eg tru vinninga her går i spinninga med god margin. I praksis vil ordninga medføra fleire nye kjelder til feil og mistolkingar, tekniske utfordringar og koordineringsproblematikk mellom kommunane og mottaksberedskap ( t.d. krav om to trenar og kompetente røystemottakarar ved førehandsrøysting) .

I praksis vil det bli slik at dersom ein fiskar frå Brattvåg som ynskjer å røyste i Odda 2. juli - skal ha høve til det i kraft av sitt blotte nærvær. Kommunen vert pålagt å ha etablert eit mottaksapparat i perioden 1. juli t.o.m. 9. august som er teknisk og fagleg i stand til å gjennomføra mottaket på ein forskiftsmessig korrekt måte.

**Eg vil tilrå at det ikkje vert innført ordning med tidlegrøyster i tillegg til noverande periode for førehandsrøysting, då dette er ressurskrevjande, har uklar grunngjeving, kan vera kjelde til feil og innfører fleire fristar innbyggjarane må ha med seg kring valet. Dersom tidlegrøysting skal innførast bør det i alle fall avgrensast til å omfatta eigne innbyggjarar.**

Departementet drøftar og om **førehandsrøystinga sin ambulerande del – ( heime, institusjons og skulerøysting m.v.) skal utvidast til å omfatta dei som på valdagen vert akutt sjuke, utsett for uventa hendingar/ handlingar m.v. som har som konsekvens at dei ikkje kan røyste ved eige oppmøte i vallokalet.**

Departementet vil ikkje lovfesta ei slik plikt for kommunane av omsyn til å stilla alle veljarar likt

Departementet går så langt at dei heller ikkje vil opne for at kommunane på eige initiativ og etter eigne vedtak – kan gjennomføre eit ambulerande røystemottak på valdagen !

Det er konklusjon eg er samd i, då det er viktig å ha **gjennomgåande og like system for avvikling av off. val.**

### **For seint innkomne førehandsrøyster .**

Dette er eit lite – men eit faktisk problem. Departementet føreslår ingen endringar i gjeldande lov / praksis- men understrekar på nytt at alle ” framande ”røyster ved førehandsrøystinga skal sendast som A-post slik at dei rekk fram til rett valstyre innan kl 20.00 på valdagen

Odda kommune for sin del avslutta førehandsrøystinga fredag før valet kl 14.00 for å vera sikker på at framande røyster kom med i postgangen på fredag. Ein vurderte det slik at det var viktigare at dei gitte røystene kom korrekt fram – enn at nokre til førehandsrøysta.

Odda kommune mottok for sin del for seint innkomne førehandsrøyster – frå Bergen. Desse røystene vart forkasta jfr. vallova.

### **Valtinget.**

**Det vert føreslege i lova at kommunestyret kan overprøva valstyret sitt vedtak om opningstider for valtinget inntil kl 21.00 ( no kl 20.00 ) og at dette kan gjerast med negativt fleirtal ( minst 1/3 part av dei avgitte røystene i kommunestyret er nok for å fatta eit gyldig vedtak**

Fristen for godkjenning av innkomande førehandsrøyster på valdagen vert utvida frå kl 20.00 til 21.000 med same grunngjeving

Ingen nye forslag ut over innskjerpingsrutine ( tilbake til avlukket ) ved feil bretteing av røystesetelen.

### **Todayars val – bestemt ved ”negativt” fleirtal.**

Regelen i dag er at valet er på ein måndag, men at kommunestyret ved vedtak kan utvida valet til også å omfatta søndagen før. I Odda kommune har det i lang tid vore 1 dagsval, og det er ikkje registrert krav om utviding til to dagar. Verken valstyret eller k- styret har handsama forslag om utviding til 2- dagarsval.

Slikt vedtak kan gjerast med vanleg fleirtal etter kommunelova § 35 nr 1:

” Vedtak treffes med alminnelig flertall av de stemmer som avgis viss ikke annet følger av lov”

I vallova står det ingenting om dette.

Departementet føreslår no å leggja inn i vallova at 1/3 part av kommunestyret kan vedta å ha to dagarsval – kvalifisert og bindande vedtak basert på eit mindretal av røystene.

### **Vurdering:**

Departementet medgir at det ikkje kan påvisast nokon klar samanheng mellom todayarsval / eindagsval og valdeltaking. Departementet meiner at det å gjera røystinga meir tilgjengeleg har ein verdi i seg sjølv

I alle fall har det ei kostnads – og logistikkside.

Så lenge det ikkje kan påvisast ein signifikant samanheng mellom 1 og 2 dagarsval og valdeltaking, bør ein vera varsam med å innføra unntaksregler ( som bryt med fleirtalsprinsippet) for votering i kommunestyret og som medfører at eit mindretal kan diktera eit fleirtal i høve til kommunale utgifter og oppgåver.

### **Krav til røysteselane i vallokalet**

Departementet drøftar problemstillinga og konkluderer med at gjeldande reglement / praksis vert vidareført.

Ingen merknader til dette.

### **Om utdeling av lister utanfor vallokala:**

Departementet konkluderer med å gå imot eit framlegg om at det skal vera ulovleg å dela ut vallister utanfor vallokala. Praksis som før.

Ingen merknader til dette

### **Krav til røystestyremedlemer og valfunksjonærar.**

Drøftinga gjeld særleg det forholdet at aktive politikarar og listekandidatar sit i røystestyra / er valfunksjonærar og skal yta hjelp inne i valavlukka dersom veljar ber om det ( retten veljaren hadde til å peike ut sin eigen hjelpar er no borte av omsyn til opplevd praksis ved "familierøysting" )

### **Vurdering.**

Dersom hjelparen ikkje skil krystallklart mellom den offisielle oppgåve som medlem av røystestyret / oppgåva som valfunksjonær og rolla som listekandidat som ny eller etablert politikar og slik prøver å påverke veljaren sitt val av liste i valavlukka, oppstår det både formelt og reelt eit ganske stort problem.

Særleg vil dette vera viktig i eit land som praktiserer at listekandidatar sit i røystestyra / er valfunksjonærar. Eg vil og tru at dette temaet fort kan bli eit delikat tema med utanlandske valobservatørar i norske vallokale, og då særleg frå land som praktiserer langt strengare grenser for kva funksjonar nar listekandidatar får utføra i høve til praktisk avvikling av valet.

### **Pkt 6. Folkerøystingar inn i kommunelova.**

Kommunelova Kap 6 A omhandlar i dag innbyggjarinitiativet.

Det var tråd med tankane om **ein utvida dialog mellom folket og dei valde representantane for folket** i kommunestyre og fylkesting at denne teksten kom inn i lova. Lovteksten utvida demokratiet ved at innbyggjarane gjennom aksjonar ( krav til tal på underskrifter) kunne vera med å setja dagsorden i folkevalde organ ( kommunestyret og fylkestinget) i spørsmål som elles ikkje ville ha kome på dagsorden.

Premiss for lovendringa: Offentleg er debatt definert som eit gode i seg sjølv.

Lokalt er innbyggjarinitiativet likevel i praksis lite brukt ut over at det har vore forsøkt etablert som omkampinstitutt i saker som kommunestyret har drøfta / gjort vedtak i. (t.d. Opheimsgt)

I slike saker seier lova at innbyggjarinitiativet ikkje kan brukast, men skal avisast – noko Odda kommune og har gjort (administrativt)

I vallova og kommunelova er folkerøystingar ikkje til no omtalt.

I den grad det er lovregulert har det vore i særlover knytt til alkoholomsetting og skulespørsmål.

No vert folkerøystingar føreslege innteke i kommunelova i form av eigen § - nr 39 b.

Forslaget opnar for at kommunestyret – eller fylkestinget - sjølv ( kan ikkje delegerast) tek standpunkt til om det skal haldast rådgjevande folkerøysting.

Det er ikkje sett noko avgrensing om kva det kan røystast om.

Det er eit krav at røystinga skal vera rådgjevande og ikkje bindande for det same organet. Folkerøystinga tek verken temaet/spørsmålet bort frå kommunestyret sitt sakskart eller overtek svaret.

Kommunestyret kan ikkje fråskrive seg plikta til å gjera vedtak med tilvising til at det er halde folkerøysting om emnet. Kommunestyret kan heller ikkje som ein del av vedtaket om å gjennomføra røystinga gjere vedtak om at folkerøystinga skal bli bindande.

Å fatta eit slikt vedtak vil vera direkte ulovleg.

Lovforslaget som no vert lagt fram er i prinsippet identisk med den folkerøystinga som Odda kommunestyre skreiv ut om kommunen sin UNESCO – søknad våren 2007 og som vart gjennomført parallelt med kommunestyrevalet 10. sept 2007.

Kommunestyret la m.a. vekt på at røystinga var ein del av den utvida høyringa om val av reguleringsplan.

Å vedta reguleringsplanar er ei oppgåve plan og bygningslova pålegg kommunestyret. Vedtaket kan verken delegerast til andre organ eller avgjerast ved folkerøystingar.

Ei folkerøysting snevrar såleis ikkje inn eller svekkar prinsippet som ligg til grunn for kommunelova: Innbyggjarane vert representerte gjennom val til kommunestyret og andre folkevalde organ ( representativt demokrati).

Det var og jamførselsvis fleire som røysta ved kommunevalet enn ved folkerøystinga om UNESCO.

## **Sanksjonar mot brot av vallova § 9 pkt 9**

I høyringsdokumentet står : ( s. 54)

” Gjeldande rett : *Vallova § 9-9*

Etter vallova § 9-9 er det forbode å offentleggjere valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av undersøkingar ein har gjort den dagen eller dei dagane valet går føre seg, før alle vallokale er stengde kl. 20.00 på valdagen.

Ei offentleggjering er med andre ord eit lovbroet. Lovbroetet er likevel ikkje straffesanksjonert. Ordlyden i lova er klar og gir ikkje grunnlag for ei skjønsmessig vurdering når det gjeld når valdagsmålingar og valresultat kan offentleggjerast. I forarbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 45 (2001–2002), s. 197, peiker departementet på at det er viktig at valet går føre seg i ein høgtidleg og mest mogleg roleg atmosfære, og at veljaren blir utsett for minst mogleg av ytre påverknader. Ein fann at desse omsyna vog tyngre enn ønske frå enkelte om å komme med flest mogleg nyheiter om valet.

Dette forbodet gjeld både offentleggjering av valdagsmålingar og valresultat. På valdagen er det likevel ikkje forbode å offentleggjere valmålingar som er henta inn *før* valdagen.

Når det gjeld reelle valresultat, har media tilgang til dei gjennom valnattsystemet til departementet. Departementet vil ta for seg valnattsystemet meir grundig lenger nede. ”

### **Kommentar/ vurderingar.**

Dette er ei ordning som vi har hatt ei stund og som det er alminneleg semje om å respektera av omsyn til at valet skal avviklast i rolege og verdige former og at den offentlege debatten er slutt når det første vallokalet opnar ( på søndag) og at denne borgfreden i media står fast til det siste vallokalet stenger ( no kl 20.00 på måndag) i høyringa føreslege utvida til kl 21.00.

Departementet føreslår no heimel i gjeldande lov å kunne straffesanksjonera handlingar som alt er ulovlege. Det er å sjå på som ein logisk konsekvens. Eg har ingen merknad til forslaget ut over at tiltaket styrker rettsvernet kring valfreden og at tiltak må brukast med varsemnd og tilpassat til lovbroetet sin karakter.

Vedlegg



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

ODDA KOMMUNE	
enhet Fellesarkivet	
Saknr. 08/1060-204	Dok.nr. 2
- 3 JULI 2008	
Ark.kode	011
Avdeling	Saksbeh. Hfo
Jnr. 08/8912	Erstatning

Til høringsinstansane etter adresseliste

Kopi: TNA, GFO

Dykkar ref

Vår ref  
08/1060-2 MAR


Dato  
27 JUN 2008


**Høyring - forslag til endringar i vallova og kommunelova**

Kommunal- og regionaldepartementet sender med dette på høyring forslag til enkelte endringar i vallova og kommunelova, jf. vedlagte høringsnotat. I høringsnotatet har departementet også ein gjennomgang av evalueringa etter lokalvalet i fjor haust.

Departementet ber om at merknader til forslaga vert sendt oss **innan 30. september 2008**. Høyringssvar kan sendast [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no) merka sak 08/1060, eller til Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunalavdelinga, Postbok 8129 Dep., 0032 Oslo. Alle høringsssvar vert lagt ut på departementet sine nettsider.

Med helsing

  
Helga Hjorth (e.f.)  
avdelingsdirektør

  
Marianne Riise  
seniorrådgiver

VEDLEGG

## **Høyringsinstansar**

Sametinget  
Departementene  
Interne avdelinger i Kommunal- og regionaldepartementet  
Fylkesmenn  
Fylkeskommuner  
Kommuner  
Registrerte politiske partier

Sysselmannen på Svalbard  
Longyearbyen lokalstyre  
Norges Bank  
Statistisk sentralbyrå  
Riksarkivet  
Riksrevisjonen

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap  
Skattedirektoratet  
Sosial- og helsedirektoratet  
Utdanningsdirektoratet  
Utlendingsdirektoratet

Barneombudet  
Forbrukerombudet  
Diskriminerings- og likestillingsombudet  
Sivilombudsmannen

Datatilsynet  
Konkurransetilsynet  
Kredittilsynet  
Statens helsetilsyn

Forbrukerrådet

Norges forskningsråd  
NTNU  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo  
Universitetet i Stavanger  
Universitetet i Tromsø

KS - Kommunesektorens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon  
Næringslivets hovedorganisasjon  
Sparebankforeningen  
Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Finansnæringens arbeidsgiverforening

Landsorganisasjonen i Norge  
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund  
Akademikerne  
Unio  
Fagforbundet  
Fellesforbundet  
Kommunalansattes fellesorganisasjon  
Norsk sykepleierforbund  
Utdanningsforbundet

Norsk journalistlag  
Norsk presseforbund  
Norsk redaktørforening  
Den norske advokatforening  
Den norske dommerforening  
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring  
Norges juristforbund  
Norges kommunerevisorforbund  
Norsk pensjonistforbund  
Norsk rådmannsforum  
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon  
Nasjonalforeningen for folkehelsen  
Norges handikapforbund  
Norsk pasientforening  
Samarbeidsorganet for funksjonshemmedes organisasjoner c/o Norges Handikapforbund  
Statens råd for funksjonshemmede

Elevorganisasjonen  
Foreldreutvalget for grunnskolen  
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjoner  
Norsk forening for bolig- og byplanlegging

Valgforum  
Faglig forum for formannskapssekretærer

NRK  
NTB  
TV2  
Harstad-gruppen

# Høyringsnotat om endringar i vallova og kommunelova

27. juni 2008

## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Evaluering av valet i 2007.....	4
2.1	Innleiing.....	4
2.2	Statistikk.....	4
2.3	Valseminaret 26. februar 2008 .....	8
2.4	Tilrettelegging for funksjonshemma .....	10
2.5	Informasjon til veljarane.....	12
2.6	Legitimasjonsplikt ved røystinga.....	14
2.7	Manntalet.....	17
2.8	Om bruk av maskinelle teljesystem.....	18
3	Førehandsrøystinga .....	22
3.1	Innleiing.....	22
3.2	Stad for røystinga.....	22
3.3	Opningstider i lokala for førehandsrøysting.....	27
3.4	Perioden for førehandsrøysting .....	29
3.5	Ambulerande røystemottak.....	32
3.6	For seint innkomne førehandsrøyster .....	35
4	Røystinga på valtinget.....	38
4.1	Innleiing.....	38
4.2	Opningstid på valdagen .....	38
4.3	Todagars val – ein rett for mindretalet i kommunestyret?.....	41
4.4	Krav til kva røystesetlar som kan nyttast i vallokala.....	43
4.5	Krav til røystestyremedlemmer og valfunksjonærar .....	46
4.6	Bør vi innføre røystesetelkonvoluttar på valdagen att?.....	49
5	Sanksjon for brot på vallova § 9-9 .....	54
5.1	Gjeldande rett .....	54
5.2	Problemstilling .....	55

5.3	Vurderingar og forslag frå departementet .....	56
5.4	Særlig om avtale om tilgang til og bruk av valnatt databasen .....	60
5.5	Vurdering av sanksjonstype.....	61
5.6	Skuldkrav og bevis .....	62
5.7	Storleiken på lovbrotsgebyret.....	64
5.8	Sanksjonsmyndigheit.....	65
5.9	Høve til klage.....	65
6	Valobservasjon.....	66
6.1	Bakgrunn .....	66
6.2	Kva er valobservasjon?.....	67
6.3	Internasjonale standardar om valobservasjon.....	67
6.4	Gjeldande rett .....	68
6.5	Valobservatørar i Noreg .....	68
6.6	Utviklinga av instituttet valobservasjon .....	69
6.7	Internasjonale reglar om den praktiske gjennomføringa av valobservasjon ..	70
6.8	Vurderingar og forslag frå departementet .....	71
7	Lokale folkerøystingar .....	75
7.1	Innleiing.....	75
7.2	Gjeldande rett og praksis .....	76
7.3	Vurderingar og forslag frå departementet .....	76
8	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	79
9	Lovforslag .....	80

## **1 Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet vil i dette høyringsnotatet føreslå enkelte endringar i vallova og kommunelova. Det vil i notatet bli gjort greie for evalueringa av valet i 2007. Ein del av lovforslaga er ei oppfølging av forslaga til regjeringa i St.meld. nr. 33 (2007–2008) *Eit sterkt lokaldemokrati*, som vart lagd fram 20. juni 2008.

Departementet legg i dette notatet fram forslag til desse lovendingane:

- Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting", det vil seie at veljarane frå 1. juli skal ha høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.
- Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl. 21.00. Det blir føreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00.
- Forslag om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.
- Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.
- Forslag om heimel for valobservasjon.
- Forslag om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgivande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.

Departementet hadde hausten 2007 på høyring forslag om at sikting eller tiltale for valfusk etter straffelova kapittel 10 kan føre til suspensjon frå vervet som folkevalt. Det vart føreslått ein heimel for slik suspensjon i kommunelova § 15 nr. 3. Departementet planlegg å fremje ein lovproposisjon seinare i år der dette forslaget blir følgt opp.

## **2 Evaluering av valet i 2007**

### **2.1 Innleiing**

Departementet har i etterkant av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2007 evaluert måten valet vart gjennomført på i kommunane. Det er fleire tema ein har undersøkt nærmare i denne evalueringa. Departementet har i tillegg halde eit eige valseminar der ulike tilhøve rundt valet vart tekne opp. Dette er omtalt nedanfor.

Evalueringa i kommunane er gjennomført ved ei spørjeundersøking. I tillegg har departementet fått tilbakemeldingar frå mange kommunar på særskilde tema og problemstillingar. Departementet har funne det tenleg at funn frå evalueringa blir omtalte og gjorde greie for under dei aktuelle kapitla i dette høyringsnotatet. Innleiingsvis tek vi opp nokre felles spørsmål og problemstillingar som ikkje blir omtalte nærmare i hovudkapitla nedanfor.

Det er til saman 260 kommunar som har svart på spørjeskjemaet. Dette gir ein svarprosent på vel 60 %, noko departementet er godt nøgd med. Rundt halvparten av svarkommunane har todagarsval.

I denne omgangen har det vore sett fokus på gjennomføringa av valet i kommunane. Særskilt spørjeskjema vart derfor ikkje sendt ut til fylkeskommunane. Vi har likevel motteke synspunkt frå enkelte fylkeskommunar, og dei er tekne med i vurderingane.

Departementet meiner at det er viktig ikkje å innføre endringar i systemet utan at det er klare behov og gode grunnar for dette. Gjennomføring av val krev at det blir etablert eit omfattande apparat i kvar enkelt kommune med mange detaljerte rutinar som alle valfunksjonærar må setje seg inn i. Valet blir gjennomført berre annakvart år og er dermed ikkje ei rutineoppgåve. All røynsle tilseier at alle endringar fører til ein del feil ved avvikling av val. Desse kan føre til at veljarar ikkje får røysta, eller at røysta blir forkasta. Ferske endringar bør få verke ei tid før ein eventuelt gjer større endringar. Det er ikkje minst klokt å vere varsam med endringar som gjeld sjølve røystinga. Både radikale og hyppige endringar av valreglane lyt vere sjeldne og bør ikkje setjast ut i livet med mindre openberre og gode grunnar for endring gjer seg gjeldande.

### **2.2 Statistikk**

#### **Valdeltaking**

Valdeltakinga ved både kommunestyre- og fylkestingsvalet auka i 2007. Den offisielle statistikken frå Statistisk sentralbyrå viser at valdeltakinga ved kommunestyrevalet i 2007 var på 61,2 prosent, det vil seie ein auke på 2,2 prosentpoeng frå valet i 2003. Ved fylkestingsvalet gjekk deltakinga opp frå 55,6 prosent i 2003 til 57,5 prosent i 2007.

	Kommunestyreval				Fylkestingsval			
	1995	1999	2003	2007	1995	1999	2003	2007
Heile landet	62,8	60,4	59,0	61,2	59,7	56,8	55,6	57,5

Tabell: Valdeltaking i prosent

Kjelde: SSB

### Mottekne førehandsrøyster

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2007 var det om lag 374 000 personar som røysta på førehand. Dette utgjorde 16,7 prosent av dei som røysta. Dette er ein klar auke i høve til talet på førehandsrøyster ved førre lokalval i 2003.

Når det galdt deltaking, vart røystinga på Posten ein suksess da ho vart innført i 1997. På det tidspunktet hadde Posten eit omfattande ekspedisjonsnett. Men på bakgrunn av reduksjon i talet på postkontor vart førehandsrøystinga på Posten avvikla da den nye vallova vart vedteken før valet i 2003. I 1999 som var det siste lokalvalet Posten hadde ansvar for førehandsrøystinga, var talet på førehandsrøyster 332 000. Ved lokalvalet i 2007 hadde talet altså auka til 374 000. Den store auken frå 2003 til 2007 tyder på at kommunane generelt har greidd å leggje til rette for førehandsrøysting på ein god måte. (Ved stortingsval ligg tala normalt noko høgare, noko som kan ha samanheng med at det her er litt høgare deltaking samla sett.)

Nedanfor står det ei oversikt over talet på førehandsrøyster som vart mottekne både innanriks og utanriks ved dei siste vala.

Val	Talet på røyster/røystemottak
1995 Lokalval	om lag 179 000 (kommunen)
1997 Riksval	om lag 489 000 (Posten)
1999 Lokalval	om lag 332 000 (Posten)
2001 Riksval	om lag 509 000 (Posten)
2003 Lokalval	om lag 249 000 (kommunen)
2005 Riksval	om lag 473 000 (kommunen)
2007 Lokalval	om lag 374 000 (kommunen)

### Forkastingar

Heile regelverket for godkjenning og forkasting av røystegivingar og røystesetlar vart endra før valet i 2003. Utgangspunktet for endringane var at færrest moglege forhold skulle føre til forkastingar. Derfor vart svært mange av dei tidlegare forkastingsreglane i lova oppheva. Regelverket vart mykje forenkla og lettare å

praktisere. Lova inneheld saman med valforskrifta mange prosedyrereglar som skal følgjast ved røystinga. Tidlegare var brot på prosedyrar i dei fleste tilfella grunn for forkasting, noko som ofte førte til urimelege resultat. I den nye vallova er mange slike grunnlag for forkastingar tekne bort.

Som departementet har rapportert om tidlegare, tyder tilbakemeldingar frå kommunar og fylkeskommunar på at målsetjinga om færre forkasta røyster er nådd. Tal frå valet i 2007 stadfester dette inntrykket.

I tabellen nedanfor har vi samla eit oversyn over godkjende og forkasta røystegivingar og røystesetlar ved kommunestyrevalet i 2007. Ei samanlikning med 2003-valet viser at talet på forkasta røystesetlar har gått ned i 2007 – frå 4213 til 2818. Vi ser samstundes at talet på forkasta setlar på grunn av manglande stempel på valtinget har gått ned frå 2790 i 2003 til 1292 i 2007. Dette er svært bra slik departementet ser det, og kan tyde på at problema ein hadde i førstninga, med at veljarane brukte blanke setlar som omslag, er betydeleg reduserte. Av statistikken ser vi òg at det etter måten blir forkasta fleire røystesetlar ved førehandsrøystinga enn ved valtingsrøystinga. Talet på blanke setlar har auka noko, frå 12 869 til 14 326.

Ved fylkestingsvalet vart det ut frå tal frå SSB forkasta 3285 røystesetlar. I tillegg var det 16 805 blanke røyster.

Godkjende og forkasta røystegivingar Forkastingsgrunnar	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende røystegivingar	373 553	1 850 375	2 223 928
Forkasta røystegivingar	461	749	1210
<i>Forkastingsgrunnar</i>	<i>Førehand</i>	<i>Valting</i>	
Veljaren var ikkje manntalsført i kommunen – § 10-1(1) a/§ 10-2 (1) a	89	577	
Det var ikkje mogleg å identifisere veljaren – § 10-1(1) b)	28	X	
Røystegivinga var ikkje levert til rett tid – § 10-1(1) c)	81	X	
Røystegivinga var ikkje levert til rett røystemottakar – § 10-1(1) d)	4	X	
Noko tyder på at omslagskonvoluttar har vore opna – § 10-1(1) e)	5	X	
Veljaren har alt fått godkjent ei røystegiving – § 10-1(1) f)	82	X	
Røystegivinga kom for seint fram – § 10-1(1) g)	172	X	
Veljaren hadde røysta i den krinsen der vedkommande var manntalsført – § 10-2(1) c)	X	42	
Veljaren hadde avgitt godkjend førehandsrøyst – § 10-2(1) c)	X	130	
Godkjende og forkasta røystesettlar. Forkastingsgrunnar	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende røystesettlar	364 094	1 845 643	2 209 737
Forkasta røystesettlar	1369	1449	2818
<i>Forkastingsgrunnar</i>	<i>Førehand</i>	<i>Valting</i>	
Setelen manglar off. stempel – § 10-3(1)a	X	1.292	
Det går ikkje fram kva val setelen gjeld – § 10-3(1)b	114	23	
Det går ikkje fram kva liste veljaren har røysta på – § 10-3(1)c	510	58	
Partiet/gruppa stiller ikkje liste – § 10-3(1)d	745	76	
Blanke røystesettlar	Førehand	Valting	Totalt
Blanke røystesettlar	2170	12 156	14 326

Tabell: Oversikt over godkjende og forkasta røystegivingar og røystesettlar på landsbasis ved kommunestyrevalet i 2007. Kjelde: SSB

## 9 Lovforslag

Desse endringane i vallova vert føreslått:

§ 8-1 (3) skal lyde:

(3) Velgeren er selv ansvarlig for å avgi forhåndsstemme på et tidspunkt som gjør at forhåndsstemmegivningen kommer inn til valgstyret innen valgdagen kl. 21.

§ 8-1 nytt fjerde ledd skal lyde:

*(4) Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgi stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valgtinget, kan avgi stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.*

§ 9-2 andre ledd skal lyde:

Kommunestyret kan selv vedta at det på ett eller flere steder i kommunen skal holdes valg også søndagen før den offisielle valgdagen. *Slikt vedtak treffes med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarer minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer.*

§ 9-3 andre ledd skal lyde:

Valgstyret bestemmer hvor stemmegivningen skal foregå, og fastsetter tiden for stemmegivningen. *Kommunestyret kan selv med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarer minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer, vedta å holde valglokalene åpne lenger enn det valgstyret har vedtatt.* Stemmegivningen mandag må ikke foregå senere enn kl. 21.

§ 9-9 skal lyde:

Valgresultater og prognoser som er laget på grunnlag av undersøkelser foretatt den dag eller de dager valget foregår, kan ikke offentliggjøres før tidligst kl. 21 på valgdagen mandag.

§ 10-1 (1) bokstav g skal lyde:

g) stemmegivningen er kommet inn til valgstyret innen kl. 21 på valgdagen.

Ny § 15-10 skal lyde:

*§ 15-10 Valgobservasjon*

*(1) Departementet kan akkreditere nasjonale og internasjonale valgobservatører fra institusjoner eller organisasjoner til å observere gjennomføringen av valg til Stortinget eller valg til kommunestyre og fylkesting.*

*(2) Kommunene er forpliktet til å ta imot akkrediterte valgobservatører og tilrettelegge for valgobservasjon.*

*(3) Departementet kan gi forskrift om akkreditering av valgobservatører og tilrettelegging av valgobservasjon.*

Ny § 15-11 skal lyde:

*§ 15-11 Overtredelsesgebyr*

*(1) Medietilsynet kan ved uaktsom og forsettlig overtredelse av § 9-9 ilegge overtredelsesgebyr til staten fastsatt etter nærmere regler gitt av departementet.*

*(2) Overtredelsesgebyrer pålegges den som er ansvarlig for offentliggjøringen. Det bør ved fastsettelsen av størrelsen på gebyret legges vekt på overtredelsens karakter og grovhet. Ved gjentatte overtredelser av § 9-9 kan gebyret forhøyes. Gebyret er beløpsmessig begrensa oppad til kr 2.000.000.*

*(3) Vedtak om ilagt overtredelsesgebyr kan påklages til departementet.*

*(4) Ilagt overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.*

*(5) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføringen av bestemmelsene i denne paragraf, herunder om inndrivelse, renter og betalingsfrist.*

Det vert foreslått å gjere desse endringane i kommunelova:

Ny overskrift i kap. 6A skal lyde:

*Kapittel 6 A. Innbyggerinitiativ og rådgivende lokale folkeavstemninger*

*Ny § 39b Lokale folkeavstemninger*

*1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokal folkeavstemning.*

*2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å gi de oppgaver som departementet finner er nødvendige for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.*



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Odda valgstyre	28.09.2007	019/07	HJO

## Krav om statleg medansvar for eit nasjonalt datateknisk valsystem til stortingsval, fylkestingsval og kommuneval

### Vedlegg:

### Framlagt:

Saka skal sendast ut av: Arkivet

Særutskrift skal sendast til: Kommunal og regionaldepartementet, KS i Hordaland, Hardangerrådet

### Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

1. Odda kommune krev ( ber) –på bakgrunn av dei røynslene kommunen sit att med etter kommune- og fylkestingsval 2007 at staten tek grep for at det vert utvikla **eit nasjonalt datateknisk valsystem** som oppfyller dei garantiparametrar som er definert, og at det føreligg utprøvde og kvalitetstesta datatekniske løysingar i rimeleg tid før valet er i gang , samt kvalitetssikra og helst drifta teknisk support for valstyra før, under og etter lovpålagte stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval.
2. Odda valstyre ser på dette som eit samla sett kostnadssparande tiltak for offentleg sektor sett under eitt.
3. Slik valet vart gjennomført i år tener det ingen til ære og medverkar ikkje til å skapa den respekt for valet som det fortener verken hos veljarane eller valfunksjonærane .

Toralv Mikkelsen  
Leiar i valstyret

28.09.2007 Odda valgstyre

### Behandling:

### OV-019/07 Vedtak:

Leiar i valstyret sitt forslag vart samr. vedteke

## Saka gjeld:

**Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007 har medført at mange kommunar sit at med auka fokus på spørsmålet om det statlege engasjementet når det gjeld datatekniske løysingar må løftast på eit anna nivå.**

Staten si rolle / oppgåve som styringsorgan ( lovgjevar og forskriftsprodusent) ved val er udiskutabel. Kommunane må bæra dei praktiske, administrative og økonomiske konsekvensane ved alle val ( stortings-, fylkestings- og kommunestyreval).

Det er eit nasjonalt mål at heile prosessen er kvalitetssikra og at dei datatekniske løysingane oppfyller dei kvalitetsparametrane som er definert for dei prosessar som skal gjennomførast ved alle val som er nemnde ovanfor.

Ufordringa no er ;

**Staten sin rolle som premissleverandør og kvalitetssikrar av eit nasjonalt elektronisk valteknisk system med kvalitetssikra support for brukarane.**

Ei slik løysing hadde spart kommunesektoren for omfattande ressursbruk knytt til val av leverandørar, tekniske løysingar / utprøving av programvare m.v.

Etter mitt syn hadde dette letta kvardagen for mange kommunar / valstyre/ kommunalt tilsette, redusert ressursbruken og kvalitetsheva resultatet – jamf. departementet sitt "krav" om manuell omteljing av valsetlar.

Etter mit syn bør staten vera aktiv også på løysingssida og bidra til å kvalitetssikra dei rammevilkåra kommunar ( og fylkeskommunar) har inkl. sikra eit grunnleggande og gjennomprøvd datateknisk valsystem samt driva/sikra teknisk support ved dei lovpålagte vala ( stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval).